



Møtereferat

Møte i prosjektgruppa

Møtedato:	22.10.2018	Møtestad:	Rådhuset i Førde
------------------	------------	------------------	------------------

Møtt	Ikkje møtt
Prosjektgruppe: Anita Eide Kvamme(leiar av gruppa) Håkon Myrvang Judith Kapstad Administrasjon: Anette Sollid	Jakob Andre Sandal Anne Margrete Frimannslund Svein Årdalsbakke Mathias Råheim Erlend Herstad Sølvi Iren Søgner

Møteleiar:	Anita Eide Kvamme	Møtereferent:	Anette Sollid
-------------------	-------------------	----------------------	---------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	<p>Ordførarkjede i kommunane i dag</p> <p>Såg på dei fire ordførarkjeda til kommunene i dag, og snakka om korleis kommunane fekk desse.</p>  <ul style="list-style-type: none">• Førde – gåve frå næringsssamskipnaden på 70 tallet• Naustdal – anonym gåve• Jølster – anonym gåve• Gaular – Komite med innbyggjarar. Anbod. TG design utforma, Th Mathisen produserte. Ca 200 000 totalt		

2	<p>Ordførarkjede i Sunnfjord kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> • Drøfta ønska prosess. • Tek tid å lage kjedet, så treng tida fram over. • Ønskjer helst lokal designer. • Vil ut på anbod. Kan vere aktuelt å ha design som eige anbod, og produsjon som eit. Dette fordi det er få lokal deignarar som kan ta heile prosessen. • Ønskjer å ta utgangspunkt i kommunevåpen og tankane bak det, då det ligg eit stort arbeid for felles idenitet i det. Vil be Rein design hjelpe oss å utarbeide ein krasvspesifikasjon knytt til kva ein ønskjer at ordførarkjedet skal symbolisere. • Prosjektgruppa vil få ein del namn på blokka, og velje tre som vert spurt om å leve eit tilbod på design. Nokre namn kom opp i møtet. Kan vere aktuelt å høyre med kunstlaget. Administrasjonen tek kontakt med dei. • Ønske om å sende anbodet på designer ut 1.januar • Anbod på produsent 1. mars. Sjølve produksjoen tek om lag 15 veker 		
3	<p>Aktivitet med Turlaget i 2019</p> <ul style="list-style-type: none"> • Judith og Anette var i møte med turlaget i førre veke. • Turlaget har eit konsept med ti trimpost turar som kan få namn #kjentisunnfjord eller noko anna . Desse kan gå i dei fire kommunane. Ønske frå oss å la dei gå innom dei fire dagsturhyttene, fjell som er kjente landemerker i kommunane, fjell der det er ruter frå fleire stader • Turlaget har app, men kan i tillegg ha rødpstkasse med blokk på postane • Gruppa tenker at tur i fjellet heng godt i hop med identiteten som kom fram i Rein design sine undersøkingar: fjell, natur osv. Vidare er DNT ein sterk merkevare og har gode rutiner rundt opplegga sine. Dei framstår som ein god samarbeidpart. Det er ikkje-komersielt. Med bakgrunn i dette går vi vidare med kontakten med turlaget. 	Judith Anette	
	<p>Ungdomsråd 12. november</p> <ul style="list-style-type: none"> • I samband med aktivitetar for ungdom i 2019, så ønskjer gruppa å invitere seg inn på møte med ungdomsrådet 12.nov • Håkon og Mathias er peika på som deltakarar frå prosjektgruppa. Anette deltek frå administrasjonen. Anita er reserve om Håkon eller Mathias ikkje får høve til å møte. 	Mathias Håkon Anette (Anita)	
	<p>Aktivitet med idrettslaga</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ønske om å høyre med idrettslaga om ein kan få til ein aktivitet i lag i 2019 • Leiarane for idrettslaga vert invitert til møte med prosjektet. • Håkon kan stille på møtet. Anette møter frå adm. Sjekkar med gruppa om det er andre som ønskjer å vere med på møtet. 	Håkon Anette Andre?	
	<p>Sermoni</p>		

	<ul style="list-style-type: none"> • Vart snakka om tidspunkt for sermoni. Akkurat 31.12 eller 01.01 er litt vanskelige datoar. Så prøve å få til noko før jul, men etter konstituering av nytt kommunestyre. Så rundt november. • Ordførarkjedet vert overrekt under seremonien. • Drøfta om det er inne eller ute arrangement. Inne kan vere utfordrande med stort nok lokale. • Kjem tilbake til innhald. Tema på møte over jul. • Idear frå møtet: få til noko som kan vere ein ny fast tradisjon 		
4	<p>Komande møter</p> <ul style="list-style-type: none"> • 19.november kl 13.00 • Kravspesifikasjon for anbod design ordførarkjede • Val av tre designarar som ein ønskjer å inivtere til konkurransen 		

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.